



Fyresdal: Napen i Fyresdal. (Alle svartkvittfoto: Luca Berti)



Seljord: Lakshyl i Seljord.



Vinje: Totak i Arabygd.



Seljord: Øygardane i Åmotsdal.



Tokke: Mo kyrkje.

## Presenterer Vest-Telemark i svartkvitt

Fotograf Luca Berti har farta land og strand i fylket vårt. No har han stilt ut dei uttrykksfulle fotografia sine på Vest-Telemark museum i Eidsborg. Han elsker fargar, men har fotografert i svartkvitt.

**VTB** Stein Olav Lie  
steinolavlie@vtb.no

Ein italiener busett i Danmark som fotografere i Vest-Telemark. Det er Luca Berti me snakkar om. Mannen som arbeidde som fotograf i Milano i Italia, men som forelska seg i den nordiske arkitekturen og naturen.  
– Fotografering har vore mitt kall i femten år. Dei siste par åra har eg i stor grad vore i Noreg og fotografert. Det vil seie eg har vore her i periodar i alle årstidene for å fange skilnadene, smiler Berti.

### Prosjekt

«Menneske og natur» har Berti kalla prosjektet han har halde på med. Det tok til i 2012 med utstillingar av fotografi frå eit par øyar i Danmark. I fjor hadde han ei stor utstilling

ved Norsk Folkemuseum, «Folk og Natur i Norge». Prosjektet omfattar også stader i Ungarn, Latvia og Sverige. No er fotografen klar med utstilling i Eidsborg og Vest-Telemark museum. Han har også gjeve ut ei fotobok som det er høve til å kjøpe.

– I Noreg har eg bruka mesteparten av tida i Telemark. Men eg har ofte vitja Setesdal også, fortel han.  
– Kva er spesielt med Vest-Telemark?  
– Det er så variert her. Og folk er flinke til å ta vare på mykje av det gamle, svarar han.

### Kontinuitet med fortida

Han er oppteken av at landsbygda blir utsett for det moderne samfunnets radikale endringar. Brotet mellom mennesket og naturen, fråflytting og større søkjeljos på urbane livformer.  
– Kontinuiteten med fortida er teken godt vare på i Vest-Telemark. Lokale kulturar både

når det gjeld bygningar, kulturlandskap, klesdrakter og skikkar lever i større grad enn mange eigentleg oppfattar. Det gjer at Vest-Telemark er litt annleis enn andre regionar. Det er dette eg prøvar å gje inntrykk av gjennom fotografia mine, forklarar Berti.

### Film og mørkerom

Alle fotografia frå Vest-Telemark er i svartkvitt. Og han brukar ikkje spegelreflekskamera. Berti nyttar filmrullar og han framkallar filmene i eige mørkerom.  
– Det er ikkje snakk om digitale fotografi. Og eg brukar nok heller ikkje slike kamera som folk flest, smiler den sympatiske fotografen.  
– Ville det ikkje vere tid å spare på å bruke digital fotografering?  
– Tid ville eg nok spare, men eg meiner den manuelle metoden og at eg fotografere i svartkvitt gjev bileta eit uttrykk som

minner om gamle fotografi. Og då blir teamet meir levande, svarar han.

– Eg elsker fargar, men i svartkvitt fotografia frå Vest-Telemark er det dei grå nyansane som er essensielle, legg han til.

### Levande kultur

Han meiner dei mange gamle bygningane er unike i og med at dei er så godt bevart.  
– Dei dokumenterer den gamle, men framleis levande kulturen, seier han.  
Berti sykla mykje rundt i regionen då han fotograferte. Slik kom han nærare innpå dei han møtte på sin veg.  
– Eg har hatt mange gode møte med menneske på mi ferd. Det er noko eg tek med meg inn i framtida. Vest-Telemark har så mykje av dei dramatiske og har lengta etter, fortel han.  
Utstillinga er å sjå på museet til over nyttår.



**Motiv:** – Vest-Telemark har mange unike motiv for ein som likar dramatik og kontinuitet med fortida, seier fotograf Luca Berti som har fotoustilling på museet i Eidsborg.